



Sakshandsamar:

Reidun Liljedahl Fimreite
E-post: reidun.liljedahl.fimreite@sfj.no
Tlf.: 57 65 62 19

Vår ref.

Sak nr.: 13/6352-12

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

38192/13

Dykkar ref.

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119, dep

0032 OSLO

Dato
LEIKANGER, 26.11.2013

Ny søknad om oppretting av landslinetilbod for skiskyting ved Stryn vidaregåande skule

Vi syner til vår søknad om oppretting av landslinetilbod for skiskyting ved Stryn vidaregåande skule fra skuleåret 2015-2016 datert 26.11.2013 og avslag på søknaden i brev fra Kunnskapsdepartementet, datert 31.10.2015.

Hovudutval for opplæring vart gjort kjent med avslaget til møte 24.11.2015 og bad då om at det vart sendt inn ny søknad om etablering av landslinetilbod ved Stryn vidaregåande skule. På grunnlag av vedtaket i hovudutvalet ber fylkesdirektøren for opplæring departementet vurdere søknaden på ny for tildeling for budsjettåret 2017 med start fra skuleåret 2016-2017.

Det er ingen nye moment knytt til søknaden,

Søknaden datert 26.11.2013 er vedlagt utan tidlegare vedlegg.

Innleiing

Sogn og Fjordane fylkeskommune søker med dette om oppretting av landslinetilbod for skiskyting med 10 plassar per årstrinn ved studiespesialiserende utdanningsprogram ved Stryn vidaregåande skule fra skuleåret 2015-2016.

Om skulen

Stryn vidaregåande skule ligg i Stryn kommune i Nordfjord. Det er 311 elevplassar ved skulen inneverande skuleår. Frå hausten 2014 vert plassalet 321 og skulen får følgjande opplæringstilbod:

- Vg1: Bygg- og anleggsteknikk, Helse og oppvekst, Service og samferdsel og Studiespesialisering.
- Vg2: Byggeteknikk, Helsearbeidararfag, Idrettsfag(overgangsordning), Transport og logistikk og Studiespesialisering.
- Vg3: Idrettsfag(overgangsordning, siste skuleår skulen har tilbodet) og Studiespesialisering.

Bakgrunn for søknaden

Stryn vidaregåande skule ønskjer å legge til rette for eit tilbod i skiskyting knytt til studiespesialiserande utdanningsprogram .

Søknad om landsline tilbod var drøfta med lærarorganisasjonane/dei tillitsvalte på lokalt- og fylkesnivå før saka vart handsama i Hovudutval for opplæring.



Hovudutval for opplæring behandla landslinetilbod for skiskyting ved Stryn vidaregåande skule den 30.10.13 (sak 27/13), og den 26.11.13 (sak 13/13). Hovudutval for opplæring gjorde følgjande vedtak:

1. «*Sogn og Fjordane fylkeskommune søker Kunnskapsdepartementet om oppretting av landsline for skiskyting med 10 plassar ved studiespesialiserende utdanningsprogram ved Stryn vidaregåande skule fra skuleåret 2015-2016*
2. *Tilbodet skal finansierast innanfor det statlege tilskotet til landslina og den økonomiske ramma for opplæringstilbodet.»*

Grunngjeving for søknaden

Stryn vidaregåande skule har i ei årrekke vist gode resultat i skiskyting for elevar frå skulen. Fleire av utøvarane i landstoppen i skiskyting har vore elevar ved skulen. Sidan 1991 har skulen hatt tilrettelegging for skiskyting gjennom idrettsfag. I dag har skulen spissa toppidrettssatsing i langrenn og skiskyting, som omfattar fem elevar per år. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å vidareføre satsinga, og vidareutvikle kompetansen gjennom eit landslinjetilbod for skiskyting.

Norges Skiskytterforbund har gjennom fleire år hatt eit godt samarbeid med Stryn vidaregåande skule. Denne er forankra i ein intensjonsavtale mellom partane. Stryn vidaregåande skule har vore ein viktig samarbeidspart for skiskytterforbundet, gjennom skulen sitt ansvar for å tilrettelegge for skiskyting, og utdanning på Vestlandet..

Norges Skiskytterforbund har vurdert Stryn som eit aktuelt kraftsenter i skiskyting. Forbundet legg mellom anna vekt på kompetanse i nærmiljøet, samt god anleggsstruktur. Eit godt opplæringsmiljø i tillegg til eit godt skiskyttermiljø er viktig for å bli vurdert som eit slikt kraftsenter. Kraftsentermodellen skal opp på skiskytteringstinget i juni 2014.

Skulen dreg og vekslar på godt samarbeid med Team Statkraft Nordfjord. Samarbeidet komplimenterer tilbodet på skulen med trening og ansvar for samlingar og konkurransar. Utøvarane har eit tilbod i Sogn og Fjordane som fullt ut konkurrerer med Toppidrettsgymnas og andre vidaregåande skular som satsar på skiskyting.

Satsing på landslinetilbod i skiskyting i Stryn vert støtta av: Nordfjordteam Skiskyting, Norges Skiskytterforbund, Norges Skiforbund, Sogn og Fjordane skikrins, Sogn og Fjordane Skiskytterkrins og Stryn kommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune grunngir ein søknad om landsline i skiskyting med:

- Elevar som er aktive skiskytтарar vil få eit kvalitativt godt tilbod i ein offentleg vidaregåande skule kombinert med toppidrettssatsing. Dette vert gjennomført med tilpassa timeplan, individuell oppfølging og ei tilrettelegging slik at eleven når sine mål både med idrettssatsing og skulegong.
- Kompetansen som er opparbeidd gjennom 20 år med skiskyttersatsing vil vidareførast gjennom ei landslinje for skiskyting. Denne kompetansen omfattar fagkompetanse, undervisningskompetanse, treningskompetanse, organiseringsskompetanse og haldningars som er avgjerande for det totale resultatet. Skulen kan vise til særskilte gode resultat både i skiskyting og i skuleprestasjonar.

- Fylkesanlegget Ullsheim gjev unike treningsforhold, med rulleskibane i barmarksperioden, med internasjonalt godkjende løyper og ein vel utbygd skiskyttarstadion. Av mange i miljøet blir Ullsheim rekna som ein av landets beste arena for langrenn og skiskyting.

Vurdering frå andre fylke:

Det er kome fråsegn berre frå Buskerud fylkeskommune.

«*Buskerud fylkeskommune har ingen synspunkt eller innsigelser på dette*».

Innhald og organisering

Satsing på landslinetilbod i skiskyting krev fleksibilitet og gode tilpasningar. Stryn vidaregåande skule organiserer skuleveka med ein timeplan over 40 timer fordelt på undervisning og studietid. Innanfor denne ramma er individuell tilrettelegging mogeleg slik at skulen kan timeplanlegge økter med skiskyting og samtidig få nok timer til dei andre faga. Studiespesialisering har ein struktur på totalt 30 timer kvar veke.

økt/kl	Måndag	Tysdag	onsdag	torsdag	Fredag	Merk
0900-1020		Programfag ST		Programfag ST		Landsline elevar har toppidrett som eit av programfaga
1035-1155		studietid Skitrenings		studietid Skitrenings		
1235-1355	Studietid					
1405-1525			Programfag ST		Studietid Skitrenings	Fredag: kun Vg2-vg3

Tabell: Eit døme på organisering (opne felt = andre fag)

Ved ei slik organisering kan elevane trene to gongar for dag både tysdag og torsdag, ei treningsøkt på skulen og ei etter skuletid. Onsdag og fredag kan elevane trene lenger økter ved å halde fram etter skuletid. Skiskyting er ein idrett som krev lange treningsøkter. Undervisning i fellesfag blir periodisert med fleire timer undervisning når sesongen er slutt. Team Statkraft Nordfjord er ein viktig og avgjerande samarbeidspart. Samarbeidet komplimenterer tilbodet på skulen både med trening og ansvaret for samlingar og konkurransar.

Rammevilkår/økonomi

Stryn vidaregåande skule har skissert ei løysing for landsline, der denne er del av ei ordinær gruppe studiespesialisering. I ei gruppe med 30 elevplassar vert 10 elevplassar per årstrinn reservert for landslinetilbod. Totalt 30 elevplassar på alle årstrinn (vg1, vg2 og vg3).

Kostnad knytt til etablering og drift av landslinetilbod vert finansiert med 10 plassar innanfor det statlege tilskotet til landsline, og 20 plassar av den økonomiske ramma til Sogn og Fjordane fylkeskommune (opplæringstilbodet).

Utsyrtstilskot skal etter søknad og prioritering gå til dekning av utgifter ved kjøp, leige og vedlikehald av teknisk utstyr. Idrettsanlegg på Ullsheim har teknisk utstyr som elevane nyttar i skytetreninga.

Vurdering og konsekvensar

Ungdom kan fritt søkje private skular i heile landet som gjev eit tilbod innan skiskyting. Per i dag er det offentleg landslinetilbod ved Meråker (idrettsfag med skiskyting) og Nord-Troms (studiespesialisering med langrenn og skiskyting) vidaregåande skular. I tillegg arbeider Vest-Agder fylkeskommune med ein søknad om landsline skiskyting ved Sirdal vidaregåande skule. Konsekvensen er at det er store avstandar til relevant offentleg tilbod for ungdom frå Vestlandet som ønskjer å satse på skiskyting. Så desse tilboda gir ikkje elevane frå Sogn og Fjordane ein reel valfridom til å velje/søkje skiskyting.

Dei private tilboda er relativt kostbare for elevane og desse skulane er òg ofte selektive i inntaket av elevar. Samstundes er omfanget av elevar som ønskjer ei satsing i skiskyting så avgrensa at det ikkje er elevgrunnlag til eit eige tilbod i skiskyting i Sogn og Fjordane. Fylkesdirektøren meiner difor at tilboden vil vere så lite at det stettar krava til eit landslinetilbod.

Ei løysing med landsline i skiskyting i utdanningsprogrammet studiespesialisering vil vere ei god løysing for desse elevane og andre elevar(elevar frå andre fylke. Få av elevane som vel å satse på skiskyting har ei framtid som heiltids idrettsutøvarar. Mange av elevane vil gå vidare frå vidaregåande opplæring til høgare utdanning. Den viktigaste rolla til skulen er å bu elevane til seinare skule- og yrkesval og ruste elevane til å bli danna menneske. Eit slikt landslinetilbod vil møte elevane si interesse og gi elevane studiekompetanse.

Fylkesdirektøren meiner at eit landsline tilbod i skiskyting i Stryn vil vere viktig for å støtte opp under satsinga i fylket på skiskyting. Det vil òg bidra til å halde på, og vidareutvikle kompetansen både på Stryn vidaregåande skule og i lokalmiljøet. Ikkje minst vil tilboden kunne vere viktig for ungdomar som ønskjer å satse på skiskyting.

Sogn og Fjordane fylkeskommune søker med dette om oppretting av landslinetilbod for skiskyting med 10 plassar per årstrinn ved studiespesialiserande utdanningsprogram, ved Stryn vidaregåande skule frå skuleåret 2015-2016.

For meir informasjon, ta gjerne kontakt med ass fylkesdirektør Tor-Einar Holvik Skinlo,

tlf 958 39029 eller teamleiar Reidun Liljedahl Fimreite tlf 415 30973.

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
Ass fylkesdirektør

Reidun Liljedahl Fimreite
teamleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Prenta vedlegg:

1. Sak, Hovudutval for opplæring 26.11.2013

2. Saksprotokoll, Hovudutval for opplæring 26.11.2013(sak 31/13)
3. Søknad frå Stryn vidaregåande skule
4. Nordfjordteam Skiskyting
5. Norges Skiskytterforbund
6. Norges Skiforbund. Sogn og Fjordane skikrins
7. Sogn og Fjordane Skiskytterkrins
8. Stryn kommune

Mottakar (ar)

Kunnskapsdepartementet Postboks 8119, dep 0032 OSLO

Kopi til:

Kirsti Horne, STRV